

## Revisjon av VA Norm Hardanger- og Sunnhordland 2020 - endringar

Dei viktigaste endringane i samband med revisjon av VA norma for Hardangerregion og Sunnhordland 2020 er lista opp under. I tillegg er det fleire mindre endringar på ei rekke andre punkt. Fleire nye teikningar er utarbeidde.

1. Norma for Sunnhordland og Hardanger er samanslegne
2. Granvin Herad gjekk inn i Voss kommune som ikkje har delteke i samarbeidet
3. Pkt. 1.0 er vesentleg endra. Krava i Va norma omfattar nå også alle private anlegg for 2 hus eller fleire og alle private anlegg til næringseiningar. Heimelen for desse krava må takast inn i kommuneplanen (§ 11.9 i Plan og Bygningsloven).
4. Pkt. 3.0 vesentleg endra – krav til overordna VA plan i alle reguleringsplanar. VA planar skal vere godkjente før byggesaksbehandling
5. Pkt. 3.9 Sluttdokumentasjon – Dokumentasjonen skal vere i samsvar med kravliste utarbeidd av Norsk vann
6. Det er gjort ein del redigeringsmessige tiltak ved at punkt som er felles i kapitla 5, 6 og 7 er flytt fram i kap. 4. Dette gjeld krav til mottakskontroll, lagring og montering av røyr og utstyr
7. Pkt. 4.1 Fleksible røyr – krav til grøfteutføring. Det blir i større grad opna for bruk av isolerte røyr med varmekablar samt trykkavløp. Dette er særleg aktuelt i kystområde i høg fjellsområde. Punkt 4.1 og krav til oppbygging av grøfta, plassering av vass, avløp og overvassleidningar. Vidare skal fraksjonen 8 – 22 mm brukast som omfyllingsmasse.
8. Pkt. 5.3 Dimensjonering av vassleidningar. Dette er punktet er endra. Det bli nå gjort eit skilje mellom ny og gammal busetnad. Det blir og vist til ny Norm (vedlegg B3) for sløkkevatn og sprinklarvatn.
9. Pkt 5.10 Tilknytning av stikkeleidningar vatn. Punktet er endra, kommunane ønskjer ulike løysingar og fleire nye teikningar er utarbeidde.
10. Pkt 5.14 Vasskummar. Punktet er endra m.a. er nye teikningar A11 og A12 er utarbeidde
11. Punkt 5.15 Avstand mellom kummar. Punktet er endra. Det er og sett inn forklaring på korleis avstandskravet til brannkummar skal tolkast.
12. Punkt 5.19 Krav til trykkaukeestasjonar. Vedlegg B4 Norm for trykkaukeestasjonar er revidert med ein del endringar som resultat
13. Punkta 5.20 og 6.19 Undervassleidningar. Punktet er endra ved at det er sett nye krav til dokumentasjon
14. Punkt 6.18 Avløpsspumpeestasjonar. Vedlegga B5 Norm for avløpsspumpeestasjonar, type Bømlø og B6 Norm for avløpsspumpeestasjonar type Ullensvang, er endra.
15. Punkt 6.21 Trykkavløp. Det blir opna opp for bruk av trykkavløp. Eiga teikning A16 er utarbeidd.
16. Punkt 7.1 Norm for overvasshandtering er revidert ved at IVF kurvene er oppdatert.
17. Punkt 7.17 Punktet er endra ved at det skal leggest større vekt på lokal infiltrasjon, eigen figur er teken inn.